

Helse- og omsorgsdepartementet
Postboks 8011 Dep
0030 OSLO

Vår ref:
26/00487-2

Saksbehandlar:
Silje Steinardotter Hasle

Dato:
20. september 2026

Høring – NOU 2026:6 Den nye velferdskommunen

Kommunane har ansvar for å vareta barns grunnleggjande behov og menneskerettar. Samtidig er det store og vedvarande variasjonar i kvaliteten i tenester til barn, og tenestene er under aukande press. Det er behov for heilskaplege tiltak og nye og berekraftige løysingar, slik at kommunane vil klare å vareta barns behov og rettgar i framtida.

Barneombudet har ikkje teke stilling til detaljane i forslaga, men er positive til hovudinnretninga og at utvalet tek ei brei og systematisk tilnærming til utfordringane i kommunane. Vi støttar forslaget om å setje i gang eit målretta samfunnsoppdrag, eit praksisnært program og nasjonalt skaleringsfond, og er samde i at det er behov for å styrkje kunnskapsgrunnlaget og systematikken i arbeidet i kommunane.

Å vareta behovet, rettane og synspunkta til barna og unge bør vere eit uttalt mål for den nye velferdskommunen. Grunnlova § 104 og barnekonvensjonen artikkel 3 stiller krav om at barnets beste skal vere eit grunnleggjande omsyn, både i utviklingsarbeidet til kommunane og i styringa til staten av kommunane. Gode oppveksttenester og høg kvalitet i tenester til barn og unge er ein føresetnad for eit berekraftig velferdssamfunn.

I det vidare arbeidet oppmodar vi departementet til å ta tydeleg barnerettsperspektiv, og dermed bidra til at tiltaka som blir sette i gang blir utforma i tråd med behovet til barn og unge. I tillegg til at tiltaka bør bidra til oppfyljing av barns rettgar, må dei heller ikkje gå ut over dei. I arbeidet med innovasjon og forsøk er det til dømes viktig å sikre at rettstryggleiken til barn og unge blir vareteken. Ansvar til kommunen for tenesteyting må ikkje reduserast eller blir mindre tydeleg i satsinga på samskaping, og lovverk som skal sikre oppfyljinga av barns rettgar må ikkje svekks.

For at barnets beste skal vere eit grunnleggjande omsyn i utviklingsarbeidet til kommunane må tilsette og folkevalde ha kunnskap om barns rettgar og behov, og sørge for at det blir identifisert, løfta fram og vektlagt i prosessane. Forsking og praksis tilseier dessverre at dette

Karl Johans gate 7,
0154 Oslo

Postboks 8889 Youngstorget,
0028 Oslo

ikkje alltid er tilfelle i dag, og tilrår kompetanseheving og meir systematikk i arbeidet.¹ FNs barnekomité har tilrådd at Noreg sikrar systematisk opplæring for administrasjon og avgjerdstakarar i kommunen om konvensjonen og verktøya for å gjennomføre han.²

Deltakinga til barn og unge er ein menneskerett og eit verkemiddel for å gjennomføre barns rettar.³ Brukarmedverknad og samskaping kan bidra til at ressursane i samfunnet blir utnytta betre og at barn og unge opplever reell og meningsfull deltaking i samfunnslivet. I dette arbeidet er det viktig at barn og unge får ein sentral plass og at deltakinga blir gjennomført i tråd med rettane deira.⁴

Behovet for systematisk og kunnskapsbasert praksis

Utvalet peikar på at det i dag blir brukt mykje ressursar på utviklingsarbeid, medan implementering og spreiding blir vigd lite merksemd. Dei peikar for at må leggjast til rette for auka deling av kunnskap på tvers av kommunar og sektorar.

Barneombudet er samd i denne beskrivinga, og støttar tiltak som bidreg til meir kunnskapsbasert og systematisk praksis. Det går føre seg mykje forskning og godt arbeid. Likevel ser vi på mange ulike sektorar at kunnskapen ikkje blir vidareført og implementert, og verkar lite samordna. Kommunane sjølv melder om behov for tilgjengeleg kunnskapsgrunnlag og støtte til kvalitetsutvikling. I møtet vårt med leiarar og tilsette i kommunale tenester trekkjer dei fram at det tek tid å setje strategiar ut i livet og å sjå effekt av tiltak, og dei ønskjer seg meir kunnskap om kva som verkar. Tilskotsmidlar bidreg til gode initiativ, men kan etterlate seg «ein jungel» av kortvarige prosjekt og vere til hinder for implementeringsarbeidet.⁵

Barneombudet støttar tiltak som kan bidra til at kunnskapsbasert praksis blir systematisert og implementert. Eit systematisert kunnskapsgrunnlag bør òg danne grunnlag for faglege råd, kvalitetsindikatorar, utviklingsstøtte og andre pedagogiske verkemiddel.

Deltakinga til barn og unge i vidare arbeid

Utvalet beskriv ein brei innsiktsprosess, inspirert av samkapende metodar. Det er likevel uklart for oss om barn og unge har blitt involverte i arbeidet til utvalet. Temaet til utgreiinga angår barn i stor grad, og synspunkta deira er viktige. Vi oppmodar departementet til å vurdere korleis barns og unges rett til deltaking kan varetakast vidare.

Med venleg helsing

Thomas Axelsen

Silje Steinardotter Hasle

¹ Se f.eks. Kipperberg og Kipperberg, "What About Us?" Children's Rights and Local Governance in Norway. A Survey Summary Report. Universitet i Stavanger (2025), NIM (2021), Kommuner og menneskerettigheter, UNICEF (2025) *Kommuneanalyse 2025 Hva betyr kommunegrensar for barn og unges oppvekst?*

² Concluding observations on the seventh periodic report of Norway, CRC/C/NOR/CO/7 22. July 2025

³ Barnekonvensjonens art. 12 jf. art. 4

⁴ Se f.eks. FNs barnekomite generell kommentar nr. 12 (2009)

⁵ Se f.eks. Barneombudet (2023) Hvordan styrke laget rundt barn og unge?, Barneombudet (2021) Hvem skal jeg snakke med nå? Om psykisk helsehjelp i kommunen. Barneombudet (2024) Barns rettigheter i Norge 2024, Supplerende rapport til FNs barnekomité

fagsjef

seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen signatur.

Karl Johans gate 7,
0154 Oslo

Postboks 8889 Youngstorget,
0028 Oslo